

## Valle i Setesdal

Sidan dei fleste av dykk som kjem til Setesdal folkehøgskule – motorsportskulen, kjem langvegsfrå, er det viktig for oss at de har eit godt tilbod, også utanom undervisninga.

De vil ha moglegheit til å bruke motorsportssenteret utanom felles treningar. For dei av dykk som disponerer bil vil dette vere den enklaste løysinga, men det går og buss.

Idrettshallen vil vere open alle kvardagar, og kan haldast open i helgene. Her er treningstilboda mange og varierte. For å nemne noko, er det moglegheiter for styrketrening, aerobic, step, spinning, fotball, volleyball og symjing. I symjehallen er det og badstoge.

Utanfor skulesenteret vil du finne klatremoglegheiter, fotballbane, sandvolleyballbane, innandørs skytehall og fine tur- og sykkeløyper.

Ti minutt køyring frå Valle, ligg Brokke. Her er det eit nytt alpinanlegg og oppkøynde skiløyper. Bare ein time køyretur frå Valle er det alpinanlegg og badeland på Hovden.


Personalet ved skulen vil leggje til rette for turar de som elevar har ynskje om på fritida. Dette kan til dømes vere skibuss til Hovden, raftingtur, gokartkøyning på Evje eller bytur til Kristiansand.

I Valle finn du musikkskule med kor, korps og spelemannstreff for ungdomar.

For andre tilbod i Setesdal kan du gå inn på [www.setesdal.com](http://www.setesdal.com)

Kvar er Valle kommune?

Valle ligg i Setesdal i Aust Agder. Vi ligg om lag midt i Sør-Noreg med daglege bussavganger til vestlandet, austlandet og byane ved sørlandskysten. I eit tidsperspektiv ligg Valle to timar frå Kristiansand, fire timar frå Oslo og tre timar frå Stavanger.



Anna om Valle kommune

Valle kommune ser skuletilbod i eit samfunnsutviklingsperspektiv. Setesdal vidaregåande skule, avdeling Valle, har ei av landets beste gull og sølvliner. Eit arbeid for å få ein Bachelor i smykkedesign lagt til kommunen, er i gong ved Høgskolen i Agder. Valle har ein sterk sølvsmedtradisjon, med landets største tettleik av sølvsmedar.

Denne kommunen har ei interessant spennvidde av tilbod og tradisjonar. På den eine sida er innbyggjaraene opptekne av tradisjonell folkemusikk, folkedans og sølvmedtradisjon. På den andre sida har dei fleste eit forhold til snøscooter og motorsport. Kommunen har eit veletablert motorsportsenter med ein aktiv snøscooterklubb som har tradisjonar med statusarrangement, som NM, EM og VM innafor snøcross. Senteret ligg lett tilgjengeleg i ein region med stor interesse for motorsport.

Kommunen har delar av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane Landskapsvernområde innafor sine grenser. Dette gjer at det er behov for å arbeide med haldningar til motorferdsel i utmark. Kommunen og Norges Motorsportforbund ynskjer difor å opprette ein folkehøgskule som stiller sentrale verdspørsmål til dykk som elevar.